



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 01.10.2019

Sak nr.: 19/9767-2

Internt l.nr.: 59478/19

Sak: 48/19

Tittel: **Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2015 - 2019**

Behandling:

Dette gir følgende endelig vedtak:

1. Resultatet av evalueringa av arbeidet i kontrollutvalet i perioden 2015 – 2019 vert å sende til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 2019 - 2023

Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2015 - 2019

Kontrollutvalet (heretter kalla KU), fylkesordførar, fylkesrådmann, revisor og sekretariatet vil gjennomføre evaluering av arbeidet i KU i valperioden 2015 – 2019. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	<p>Oppstarten må vere «mjuk» slik at alle får med seg det som er sentralt av informasjon i dei første møta.</p> <p>Møta vert gjennomførde godt, med godt planlagt opplegg. Bruk av video mot Deloitte fungerer godt.</p> <p>Planlegging av møta i framkant er viktig.</p> <p>God leiing av møta.</p>
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Talet på møte har vore tilstrekkeleg.
3	Klarer KU å fyller kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	<p>Utval med god bevisstheit om eigen funksjonen. Målet har vore å bidra til å gjere fylkeskommunen betre på bakgrunn av sakene og kontrollfunksjonen.</p> <p>Finansiell revisjon vert gjennomført godt.</p> <p>Forvaltningsrevisjon der vi ofte har sett på forbetring av rutinar er godt gjennomførde. Etterlevelseskontroll, der vi ser på forvaltninga i høve til lover og regler.</p> <p>Kontrollutvalet er fylkestinget sitt organ. Utvalet er «på bølgelengde» med fylkestinget. Utvalet har oppfølgt funksjonen vi er bedt om å ha. Dette utvalet har vist evne til å ta saker som dukker opp.</p> <p>Godt leiarskap. Bratt læringskurve, får god innsikt i fylkeskommunen sitt ansvar og område. Spannande utval å vere medlem i.</p> <p>Utvalet har også observert det som vert gjort riktig av administrasjonen. Det er sendt ut pressemeldingar i ting som har vore bra, dette har også blitt presentert for fylkestinget.</p> <p>Kontrollutvalet er fylkestinget sitt organ. Har ein plan å jobbe etter, både forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Utvalet fyller kontrollfunksjonen godt. Viktig å ikkje ha ein politisk agenda, og dette har ein klart godt. Det har av og til vore litt for detaljerte tilrådingar.</p> <p>Viktig å ha vesentlegvurdering på det som blir gjort. Kva er trygt nok? Ein må også vurdere bruk av ressursar. Det er viktig å ikkje forhåndsprosedere ei sak – dette med omsyn til omdømmet til fylkeskommunen. Viktig å ikkje meine noko før ein har gjennomført kontrollane. Her kan ein verte betre.</p> <p>Kontrollutvalet vert oppfatta å vere eit ryddig utval. Det er leiar som utalar seg. Det er eit tillitsvekkande organ. Fylkestinget har tillit til jobben som vert gjort.</p> <p>Er oppdraga til revisor eigentleg kontrollutvalet sitt oppdrag, eller i ei viss grad påverka av revisor?</p>

		<p>Det bør tilstebast å få klarere skilnad mellom der vi nesten er i mål og der vi har langt igjen til å nå målet.</p> <p>Omdømmet er viktig å tenke på ved måten å jobbe på. Viktig å kunne gå ut seie at alt er greit når det er tilfelle.</p> <p>Overgangsproblematikk – Utvalet må tenke over kva som vert lagt over til nytt utval - oppsummering.</p> <p>Vesentlegheitsvurderingar er viktig i saker som utvalet vil bruke ressursar på å kontrollere.</p> <p>Revisor opplever at kontrollutvalet er engasjerte og har oppfatningar om forvaltningsrevisjonane sitt innhald, og sine problemstillingar. Det er kontrollutvalet sitt oppdrag. Det er kontrollutvalet som sit i førarsetet.</p> <p>Regelbrot vert alltid påpeikt. Tilrådingar kan bli betre med omsyn til må eller bør.</p> <p>Kost/nytte vurdering opp mot risiko og vesentlegvurderingar.</p> <p>Bevisstgjerjing av tilrådingar ved å få dette fram som tilrådingar til fylkestinget, Ft gjer sine vurderingar.</p>
4	I kva grad har KU hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	ja
5	Korleis blir KU oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som fylkestinget og administrasjonen?	<p>Fylkestinget oppfattar kontrollutvalet som seriøse og ivrige. Det er eitusiastisk utval. Men samtidig er det eit ryddig utval. Møta er greitt planlagde og opplagde. Utvalet køyrer gode gjennomarbeidde prosessar.</p> <p>Møta er spennande.</p>
6	Har fylkestinget og administrasjonen forståing av KU si rolle? Korleis kan KU bidra til ei god forståing?	<p>Kontrollutvalet meiner at fylkestinget og administrasjonen har god greie på utvalet sitt ansvar og område. Det har aldri vore problem med rolleforståing.</p> <p>Fylkesrådmannen har ansvar for internkontroll. Kontrollapparatet til kontrollutvalet er ekstern kontrollør i forhold til adm. I tillegg har vi statleg tilsyn.</p> <p>Gjennomføring av tilsyn frå fylkesmannen innan opplæring har fått gode skussmål frå kommunane på grunn av veiledning.</p> <p>Fm er lovforståer, det er ikkje revisor. FR skal vere til læring og forbetring. Det er viktig å forbetre oss i den retning.</p> <p>Fylkestinget har ei god forståing for utvalet si rolle.</p>
7	Er det klare roller og klår ansvarsdeling mellom KU, fylkesting og administrasjonen?	Ja
8	I kva grad er KU synleg nok på fylkeskommunen si heimeside? I kva grad er KU synleg i media? Kva kan gjerast betre?	<p>Utvalet er godt synlege på heimesida, og i media. Streaming av møte i kontrollutvalet. Må i tilfelle vere ein strategi for fylkeskommunen.</p> <p>Bør bruke intranettet til kommunikasjon til tilsette for opplæring av kontrollutvalet si rolle og oppdrag.</p> <p>Ku skal vere på fylkeskommunen si heimeside då det er fylkestinget sitt kontrollorgan. Utvalet bør he dette i kommunikasjonsstrategien til utvalet.</p>

9	Bør KU gjere meir og/eller mindre av noko?	Sjå punkt over. Samarbeidet/samlingane med dei andre kontrollutvala på Vestlandet har vore positivt.
10	Korleis fungerer samhandlinga med revisor? Kva kan gjerast betre?	Vi har to revisorar, og har god samhandling med begge ut frå kontrollutvalet si vurdering. Revisor opplever samarbeidet som svært positivt. Kontrollutvalet har vore engasjert heile vegen, og har alltid vore godt førebudde til møta. Kontrollutvalet har gitt utvalet og rolla som kontrollutval eit godt renommé.
11	Korleis fungerer arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll?	Nyttig prosess med risikovurderingane og utvalet vart involvert på ein veldig god måte. Lærerik prosess. Medlemmane fekk god innsikt i kontrollutvalet sitt arbeidsområde ved gjennomføring av prosessen. God samhandling. Deloitte har deltatt ein god del på video. Revisor kan då ha fleire med på møta, der utvalet får diskutere med den som ansvaret for den aktuelle oppdraget. Stor fordel for kontrollutvalet.
12	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet? Kva kan gjerast betre?	Samhandlinga med sekretariatet fungerer godt. Dette går begge veier. Samhandlinga med sekretariatet har fungert svært godt i perioden. Sekretariat har på ein framifrå måte lagt til rette for at utvalet har fungert og kunna utføre sitt ansvar for kontroll og tilsyn. Sekretariatet har arbeida på ein meget tillitsfull måte, og synt høg grad av integritet og kompetanse i perioden.
13	Kontrollutvalet og henvendingar: - Innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde - Presse og media	Alle henvendingar som har kome til utvalet skal behandlast der dei som har sendt henvendingar får tilbakemelding. Bør ein vurdere å bli meir tilgjengeleg for henvendingar, samtidig bør utvalet vurdere nøye kva som er utvalet sitt ansvarsområde.
14	Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KU innehalde og kor omfattande bør det vera? - Tilstrekkelege ressursar til opplæring	Solstrandsamlinga i starten av førre utval bør gjentakast. Må skape motivasjon og engasjement til dei nye utvala.
15	Folkevaldopplæringa for fylkestinget: - Bør KU få delta her? - Bør roller og ansvar for KU presenterast her?	Kontrollutvalsmedlemmane bør få høve til å delta på folkevaldopplæringa til fylkestinget. Roller og ansvar for kontrollutvalet bør presenterast for fylkestinget i folkevaldopplæringa. Dette er viktig for rolleforståinga til det politiske miljøet.
16	Anna	Ingenting under anna.